

VINJE KOMMUNE
ORDFØRAR
3890 VINJE

Ref. : Jon Rikard Kleven Rauland 20112
Case nr : Planvask
Item nr : 2025/7672-7
Arcive : ÅSNE SKJØTSKIFT ØYGARDEN

2025/7672-7 MØTE 251125 PLANVASK I VINJE KOMMUNE

Takkar for mottatt referat .

Som du sikkert forstår møtte eg ikkje på dette møtet , da det ikkje er ei sak eg kan tenke meg å prate om overhode .

Så ser eg at ein tenker seg at ein nå skal lage sak i Planutvalet der ein skal diskutere Temaet vidare.

Eg har lang fartstid i politikken i Vinje og veit at eit innspill som mitt i denne sammenhengen sannsynlegvis resulterer i eit stort gjesp , men sea eg er del av denne næringa som kan bli nok eit diskusjonstema og politisk gjenganger i årevis framover finn eg det rett å sende litt info.

Eg kan legge fram ugjendrivelege fakta om økonomi og sysselsetting i denne næringa , noko eg har gjort ved enkelte anledningar i min politiske lokale karriere . Og veit at det er ord eg bare kan spare meg for TELEMARSKFORSKNING kom med utsagnet om at me tener ingenting på turismen for endel år sea – og når offentlege «FORSKARAR « har sagt hoss det heng sammen blir det heilt meningsløst å høyre på ein vanleg lokal tusseladd som bare liver på - luft - kjærleghet og kommunal politikerlønn. og kjering som er lærar.

Så slikt skal eg ikkje våge meg inn på . Men der er eit par andre sannhetar eg vil be deg og det politiske miljøet evaluere i framtidig hetsing av våre fritidsinnbyggere.

Det starta under Coronaåret

Hytteigarane ville gjerne koma seg ut av trengselen og liva i frisk grisgrendt fjellluft med heimekontor og kjemisk fritt frå basillusker . Og det optimale var HAUKELIFJELL og RAULAND . Men nei hit fekk ingen koma . Me måtte beskytte rypebestande frå besmitta byfolk . For ikkje å snakke om presset på doktarkontoret i Vinje . Hytteigarane går vanlegvis i god avstand til rupebestanden , og som dei eg snakka med deklarte – om eg eller nokon av mine blir sjuke så køyrer me heimatt så fort me kan – der har me både sjukehus og rask tilgang til medisinske hjelpeapparat . Vinje kom i særstilling i eit svært dårleg lys i denne situasjonen.

Det neste som skjedde var at me fekk HYTTEHETSEN som politisk agenda .

Men heldigvis varte det eit års tid etter Coronaåret før HYTTEHETSEN blei tung politisk agenda via mediaassistanse , slik at ei lita gruppe menneske fekk bli næringsmessige premissleverandørar i distrikta

Såg du eller ser du noko tilsvarande i tettbygde område ? Rundt byane byggas det ned i bøtter og spann for å ta imot flyktingestraumen fra utlandet og grisgrendte strøk i Norge . Og eg he ikkje sett eit pip mot dette , bare at det blir for dyrt å bygge for å få ordentleg fart i nedbygginga .

Og så kom redningsplanken MYR . Myr fins i distrikta - over alt så her kan ein lage mykje ansvarleg neipolitikk for å hindre all utvikling i distrikta

Resultatet har me sett særleg det siste året

Hytteegarane stoppar i stort monn lengre ned i fylket for å gjera sine innkjøp , ein føler seg ikkje velkomne i Vinje Kommune .

Og Vinje Kommune ser tydeleg på planavdelinga antall nybygg det søkas om for tiden Siste året eg satt i Planutvalget hadde me søknader for kvort einaste møte tilsvarande 5 millionar rett i kommunekassa som anleggsbidrag frå nybygg . Sjekk summane i dag ?

Som sagt eg skal ikkje gå innpå nokonting om økonomi -busetting- fråflytting eller næringsliv som slit .

Men eg vil be deg Jon Rikard og dine politikerkolleger tenke over hosla politiske og menneskelege signal de ynskjer å sende ut til innbyggerar – fritidsinnbyggerar og næringsliv i framtida .

Livsglede og bolyst vil ha vesentleg betydning for hoss ein region vil utvikle seg framover , og det Vinje kommune representerer ut over ein storslagen natur kan ikkje måle seg med våre konkurrentar

Om nedturen fortset , kan det bli vanskeleg å snu den . Nokon ynskjer ikkje å snu nedturen , men forhåpentlegvis gjeld ikkje det ansvarsbevisste politikere i Vinje Kommune

Mvh


Halvor Lognvik

Kopi : Åsne Skjøtskift Øygarden og øvrige kopimottakarar